POLITIET

SØKNAD OM LØYVE TIL Å UTØVE ELLER INNGÅ AVTALE OM VAKTVERKSEMD

Søknadens art	**Til bruk for Politimyndighetene**
☐ Ny søknad	Jnr Stempel
☐ Endringar	

TIL politimeisteren sjå § 2 2. ledd i forskriftene

Opplysningar om verksemda		Firma/forvaltningsorgan (namn)
	1	Verksemda si organisasjonsform a) ☐ Einmannsverksemd b) ☐ Selskap (aksjeselskap, ansvarleg selskap e.l.) c) ☐ Anna ..... Er verksemda registrert i Føretaksregisteret ☐ Ja ☐ Nei Viss ja, kva er føretaksnummeret
	2	Forretningsstaden der leiinga held til Telefon
	3	Verksemda si gate- og postadresse (hovudkontor) Telefon
	4	Gate- og postadresse til ev. regionskontor i politidistriktet Telefon
	5	Skal verksemda utøvast i fleire politidistrikt (sjå rettleiinga, pkt. 2, 2. og 3. avsnitt, side 4) ☐ Ja ☐ Nei Viss ja, kva for distrikt gjeld dette?
	6	Kommunar der ein kan rekne med at verksemda vert utøvd (sjå rettleiinga, pkt 2, 4. avsnitt)

Opplysningar om verksemda (framhald)

7 Former for vaktverksemd som det vert søkt løyve til å utøve ved bruk av personar, TV-overvaking, elektronisk overvaking eller på annan måte, jf. lov om vaktvirksomhet, § 1.

a) ☐ Føre tilsyn med privat område eller område med fritt tilgjenge for publikum.

b) ☐ Utføre kontrolltenester

c) ☐ Utføre verditransport

d) ☐ Utføre følgjeteneste

e) ☐ Ta imot og handsame alarmsignal frå overfalls- eller innbrotsalarmanlegg eller utrykking etter slikt signal

f) ☐ Anna verksemd

i tilfelle kva for verksemd(er)
.....

8 Talet på tilsette

9 Skal ein nytte hund i verksemda? ☐ Ja ☐ Nei

10 Skal ein nytte batong/kølle? ☐ Ja ☐ Nei

11 Saman med søknaden ligg, slik lov og forskrifter om vaktvirksomhet krev:

a) ☐ Utkast til opplæringsprogram, jf. forskriftene § 5

b) ☐ Skisse av uniform, jf. forskriftene § 6/ Søknad om dispensasjon etter § 6 tredje ledd

c) ☐ Utkast til legitimasjon, jf. forskriftene § 7

d) ☐ Instruks for opplæring, godkjenning og bruk av hund, jf. forskriftene §8 (naudsynt berre viss hund skal nyttast i verksemda)

e) ☐ Utkast til instruks for oppbevaring, opplæring i bruk av kølle/batong, jf. forskriftene § 9 (naudsynt berre viss kølle/batong skal nyttast)

f) ☐ Forsikring, jf forskriftene § 10, eventuelt søknad om fritak

g) ☐ Namn m.v. på styremedlemmer i selskapet, sjå side 3, punkt 1

12 Andre opplysningar
(planar for verksemda, bruk av køyretøy, bruk av andre hjelpemiddel for utøving av verksemda, til dømes kommunikasjonsutstyr, vaktsentral eller reaksjonsapparat)

Opplysningar om søkjaren

1	Etternamn, førenamn til han/ho som utøver eller inngår avtale om vaktverksemd (i føretak skal ein opplyse om namn på dagleg leiar). I A/S eller samanslutning med føre opp namn, adresse og telefonnr. Til styremedlemmene, jf. side 2, pkt. 11 G. (Bruk blokkbokstavar)	Fødselsnummer (11 siffer)
2	Statsborgarskap	Fødested
3	Fast bustad Tidligare bustadsadresser:	
4	Noverande arbeidsforhold a) Namn og adresse til arbeidsgivar: b) Stilling	
5	Tidligare arbeidsforhold Tidsrom / Stilling / Namn og adresse til arbeidsgivar	
6	Eventuelle andre opplysningar (til dømes særlege forhold som kan føre til at ein gjer unntak frå krava i lov om vaktvirksomhet, § 2, 2. ledd, bokstav a, b og c)	
7	Er søkjaren samd i at det vert henta inn opplysningar om vedkomande sine økonomiske forhold? ☐ Ja ☐ Nei	
	Stad	Dato / Underskrift

Til bruk for politiet

☐ **Løyve gitt** ☐ **Løyve IKKJE gitt**

Løyvet er gitt for følgjande form(er) for vaktverksemd:

Tillatelsen gjelder for utøvelse av vaktvirksomhet innanfor politidistriktene:

Gebyr er betalt med kr:

Stad og dato	Politimesterens underskrift og stempel

RETTLEIING TIL SØKNADSSKJEMA FOR ETABLERING/UTØVING AV VAKTVERKSEMD

Lov om vaktverksemd og forskrifter gitt i medhald av lova, vart sett i verk xxxxx.
Reglane tek sikte på å betre kvaliteten på vektartenesta, betre offentleg kontroll og styrke rettstryggleiken for dei som kjem i kontakt med vektarar (sikre omsynet til publikum ved å stille krav til etablering og utøving av vaktverksemd).

1. Føretak som ønskjer å drive slik verksemd som fell inn under lov og forskrifter om vaktvirksomhet, må sende inn eit korrekt utfylt søknadsskjema med naudsynte vedlegg til vedkomande politimeister, jf. forskriftene § 2. Dersom vaktverksemda berre skal utøvast i eitt politidistrikt, vert søknaden send til politimeisteren i dette distriktet. Dersom verksemda skal utøvast i fleire politidistrikt, vert søknaden send til politimeisteren i den det distriktet der verksemda har sitt hovudkontor.

2. For at søknaden skal bli behandla, må søkjaren på førehand betale eit eingongsgebyr som svarar til xxxxx gongar rettsgebyret til vedkomande politimeister. Rettsgebyret er pr. 1, januar 2003 kr. 700.

Søkjaren må betale eit gebyr som svarer til tre gongar rettsgebyret for kvart politidistrikt verksemda skal utøvast i. Løyve til å drive vaktverksemd gjeld berre i dei politidistrikta søkjaren har ført opp i søknadsskjemaet (sjå pkt. 5 i skjemaet, side 1), og som det følgjeleg er betalt gebyr for.

Ein må sjå pkt. 5 og 6 i skjemaet i samanheng, slik at spørsmålet om kommunar berre vert fylt ut der verksemda skal utøvast lokalt innanfor det einskilde politidistriktet.

Dersom ein søkjer om endringar i verksemda som fører med seg at politiet må gi nytt løyve, til dømes dersom verksemda ønskjer å utøve ein annan type vaktverksemd enn han eller ho opphavleg fekk løyve til (jf. pkt. 7 i skjemaet), må ein betale eit gebyr svarande til tre gongar rettsgebyret.

3. Når vedkomande politimeister tek imot søknadsskjemaet med ev. vedlegg, og gebyret er betalt, vil det bli undersøkt om verksemda stetter dei krava som er pålagt etter lov og forskrifter. Dersom dei naudsynte føresetnadene for å utøve eller inngå avtale om vaktverksemd er til stades, gir politiet eit skriftleg løyve og registrerer verksemda ved politikammeret. Politiet har også som oppgåve å føre kontroll med at vaktverksemda alltid vert utført i samsvar med dei bestemmingane som gjeld.

Personar som ønskjer å utøve eller gjere avtale om vaktverksemd, pliktar å setje seg inn i reglane som gjeld på området, jf. lov om vaktvirksomhet av 5. januar 2001 nr. 01 og forskrifter gitt i medhald av lova.